

1 Vedtak gjort på årsmøtet i Vestland Arbeiderparti

2

3 Lik tilgang på helsetenester og medisinar uavhengig av pengebok

4 Dagens helsepolitikk og sjukehusøkonomi bygger opp under utvikling av klassekilje. Ein del
5 tilgjengelege medisinar, for eksempel innan kreftbehandling, er kun tilgjengeleg for dei som
6 er i stand til å finansiera det sjølv. Ein prioriterer medisinar som krev omfattande behandling
7 på sjukehuset og gjev ekstra byrde for pasientane. Pasientreiser fungerer dårlig. Det
8 rammar mange og er særleg sårbart når fleire og fleire er avhengig av transport til og frå
9 behandling. Frykt for at vanlege medisinar, som til dømes blodtrykksmedisinar, blir
10 mangelvare.

11

12 Beslutningsforum, sett saman av adm.dir. i helseforetaka, er ansvarlege for prioriteringane.
13 Samstundes er dei ansvarlege for den krevjande sjukehusøkonomien. Det medfører at
14 medisinar, som du til dømes kan kjøpa på private klinikkar som Aleris, kun blir tilgjengeleg
15 for dei med tjukke pengebøker.

16 Dette rammar mange. Dette er uforståeleg for pasientar og pårørande. Dette er
17 uakseptabelt.

18

19 Vestland Ap krev:

- 20 • Nei til eit klassedelt helsetilbod.
- 21 • At det offentlege helsetilboden skal tilby minst like gode tenester/medisinar som det
22 private
- 23 • At staten sikrar at alle får livreddande medisinar, uavhengig av om ein har råd til å
24 betale for dei eller ikkje.
- 25 • At helseminister Bent Høie vidareutviklar eit finansieringsopplegg som innfrir eit
26 offentleg tilbod til alle
- 27 • At sjukehusøkonomi ikkje er eitt av kriteria beslutningsforum legg til grunn i
28 prioriteringane om kva medisinar som kan nyttast.
- 29 • At kvaliteten på pasientreisar hevast betydeleg.

30

31 **Retten til å bestemme over eigen kropp**

32 Alle kvinner har rett til sjølvbestemt abort i Norge etter at abortlova vart innført i 1978.
33 Arbeidarpartiet er eit likestillingsparti, og har heile tida vore ein forkjempar for kvinner sin
34 rett til å bestemme over eigen kropp. Vestland Arbeidarparti meiner at kvinner sin rett til
35 sjølvbestemt abort er ein svært viktig rett, som vi ikkje vil rokke ved. Abortlova har no
36 eksistert tilnærma uendra i over 40 år. Den var i si tid eit godt kompromiss, som har hatt
37 støtte i eit stort politisk fleirtal, uavhengig av kven som sit med regjeringsmakt.

38 Det overordna målet må vere å redusere tal uønskte svangerskap og at aborttala skal vere
39 lågast mogleg. I tillegg at abortar kan utførast tidlegast mogleg. Tal frå Folkehelseinstituttet
40 viser at aborttala dei siste åra har vore historisk låge og framleis er fallande. Nedgangen
41 skuldast ein markant nedgang i talet på uønskte svangerskap blant kvinner under 25 år. Åtte
42 av ti abortar vert utført før 9. veke. Noreg har den lågaste abortrata i Norden. Dagens
43 abortlov slår fast at den gravide er suveren i si avgjerd fram til veke 12. Dersom ein ynskjer
44 abort etter veke 12, må den gravide søke til ei abortnemnd.

45 Arbeidarpartiet har som mål at flest mogleg abortar skal skje tidlegast mogleg. Eit viktig
46 tiltak då vert tilbod om tidleg diagnostikk for alle. Både med tidleg ultralyd, men også
47 eventuell NIPT-blodprøve ved behov. Dette skal vera eit tilbod til alle uavhengig av økonomi.
48 Det skal vere tilbod om støttesamtaler og rettleiing til alle.

49 Juridisk abort er eit forslag om å la barnet sin biologiske far seie frå seg alle rettar, privileger
50 og ansvar inkludert økonomisk støtte, før barnet vert fødd. Vestland Arbeidarparti meiner
51 dette er ansvarsfråskrivning av farsrolla, og at det vil etterlate mor i ein særleg vanskeleg
52 situasjon, der ho vil vere åleine om både omsorg, praktisk og økonomisk ansvar. Vi er sterkt
53 mot ei svekking av barnet og mor sine rettar ved fødsel.

54

55 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 56 • Utvide tilbod om tidleg diagnostikk for alle. Dette gjeld mellom anna tilbod om tidleg
57 ultralyd og eventuell NIPT-blodprøve frå 35 år
- 58 • At det vert informert om og tilbuddt gratis oppfølging og etterkontroll til kvinner som har
59 fått gjennomført abort
- 60 • Ikkje innføre juridisk abort

61

62 Vestland Arbeidarparti ynskjer å avskaffe dagens abortnemnder. Nemndene må erstattast med eit
63 system som byggjer på dei gravide si sjølvråde, integritet og verdighet. Systemet må ta høgde for ny
64 teknologi og støtta kvinnene sitt val ved å sikra lik tilgang til nøytral og objektiv informasjon om
65 diagnostikk og andre forhold.

66

67 **Vestland Arbeidarparti vil:**

68 • Avskaffe abortnemndene og erstatte ordninga med et system som byggjer på dei gravide si
69 sjølvråde, integritet og verdigheit.

70 • Dette innebærer at kvenna har rett til sjølvbestemt abort inntil veke 18

71

72 **Kampen mot barnefattigdom**

73 Vestland Arbeidarparti vil ha eit Noreg med små forskjellar mellom folk, derfor må vi skjerpe
74 kampen mot barnefattigdom. Vi trur på at noko av det viktigaste for at alle skal leve trygge
75 og frie liv er moglegheita til å arbeide og tene sine eigene pengar for seg sjølv og familie.
76 Nesten 100.000 barn lever i relativ fattigdom i Noreg i dag. Det kan være manglende midlar
77 til å dra på ferie, betale idrettskontingeneten, kjøpe kler eller ha råd til ein tilfredsstillande
78 bustad. Arbeidarpartiet meiner at alle barn skal ha dei same rettane og moglegheitene.
79 Derfor må målet vere at både barnehage og SFO blir gratis for alle barn.

80 Barnetrygda er eit viktig tiltak mot barnefattigdom. Då barnetrygda blei innført i 1946, var
81 den meint som eit tiltak for å sikre at forsette hadde råd til å kjøpe mat og kler. I dag er
82 fattigdom som samfunnsproblem meir samansett. Når fattigdommen har endra seg, må
83 også barnetrygda oppgraderast. Difor meiner Arbeidarpartiet at barnetrygda skal aukast til
84 1550 kroner per barn i månaden.

85

86 Kommunane har fram til 2019 fått høve til å velgje om dei vil behalde barnetrygda utanfor
87 beregningsgrunnlaget for sosialhjelp eller ikkje. Dette er no endra. Då ein regna barnetrygda
88 som inntekt, fekk barnefamiliar mindre pengar enn dei hadde behov for.

89 Foreldrebetalinga for barnehage og SFO i mange kommunar er veldig høg fordi ein ikkje ser
90 barnehage og SFO samla og ikkje tilbyr søskensmoderasjon. Kommunen skal gi eit tilbod om
91 skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar i 1. - 4. årstrinn, og for barn med særskilte
92 behov i 1. – 7. klasse. Vestland Arbeidarparti skal jobbe for gratis SFO for elevar frå 5. – 7.
93 årstrinn med særskilte behov. Målet må vere at dette blir ordninga for alle kommunar i
94 Noreg.

95

96 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 97 • Auka barnetrygda til 1550 kroner per barn i månaden. Beløpet skal indeksregulerast.
98 • Halde barnetrygda utanfor beregningsgrunnlaget for sosialhjelpsatsane.
99 • Fryse makspris for barnehage på 2018-nivå, og innføra gratis barnehage for alle
100 femåringar.
101 • Fjerne kontantstøtta.
102 • Innføra utstyrsbibliotek i alle kommunar.
103 • Innføra søskensmoderasjon i både barnehage og SFO.

- 104 • Innføra eit gratis måltid i skulen for alle barn.
- 105 • Innføra gratis/friplassar i SFO for elevar med særskilte behov på 5. – 7. årstrinn.
- 106 • Utgreia og arbeida for gratis SFO for alle barn minst to timer kvar dag etter skuletid.
- 107 • På sikt gjere barnehage og SFO gratis for alle barn.
- 108 • Arbeide for aktiviteteskort som gir barn frå låginntektsfamiliar tilbod om gratis
- 109 aktivitetar

111 **Næring**

113 **Ein offensiv næringspolitikk**

114 Vestland Arbeidarparti har eit variert, kunnskapsrikt og nyskapande næringsliv.
115 Petroleumsnæringa har vore drivaren i utviklinga og det vil vera krevjande å utvikla nye
116 næringer som kan erstatta den høge produktiviteten i oljenæringa. Dei nye næringane kjem
117 i stor grad til å byggja på den kompetansen som finnест i offshoreindustrien. Vestland
118 Arbeidarparti vil ha ein offensiv næringspolitikk i eit nært samspel mellom forsking,
119 utdanning og næringsliv.

120
121 Verkemiddelapparatet som blant anna Innovasjon Norge, Enova og kommunale/regionale
122 næringsfond må oppretthaldast og styrkast. I tillegg må forsking og utdanningsmiljøa bli
123 knytt tettare til industriklyngene. Ein god digital infrastruktur er ein føresetnad for å utvikle
124 næringslivet og sikre busetnad i heile landet.

125
126 Eit velfungerande næringsliv er avhengig av trygge arbeidsforhold. Kampen mot sosial
127 dumping må styrkast for å sikra gode arbeidsvilkår både i landbruk, reiseliv og næringslivet
128 generelt. Det er eit klart behov for å ta sterkare grep mot dei useriøse transportaktørane for
129 å sikra både trafikktryggleik og arbeidsforhold, og Vestland Ap er difor tydelege på at det er
130 uaktuelt å innføra EU sitt nye kabotasjeregelverk i Noreg.

132 **Industri**

133 Industrien skapar store verdiar og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Vi treng ein aktiv
134 industripolitikk. Vestlandet har mange fortrinn som gjer dette mogleg: rik tilgang på
135 naturressursar, sterke kompetansemiljø og evne til å samarbeida på tvers av bransjar.

136
137 Det ligg eit stort potensiale innan fleire industrielle sektorar, mellom anna kraftforeldande
138 industri, design- og merkevare industri, samt maritim industri. Mineralnæringa må utviklast
139 vidare med høge miljøkrav og med vekt på produktutvikling og innovasjon. Vestland
140 Arbeidarparti vil arbeida for vidareføring av CO2-kompensasjonsordninga etter 2020 med
141 minst 75% kompensasjon for norsk industri. Dette er viktig for å sikra norske arbeidsplassar,

142 og sørge for at industri ikkje vert flytta til land med mindre stram klimapolitikk. Noreg må
143 ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.

144
145 Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast med
146 omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Vestland Ap vil ha fokus på det
147 fagleg politiske samarbeidet. Det må bli meir attraktivt å velja yrkesfaglege studieretningar
148 og fagutdanning. Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til
149 kontinuerleg etter- og vidareutdanning.

150 Ambisjonen om å ta ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår
151 industripolitikk. Framover må norsk industri få gode og langsiktige rammevilkår.

152

153 Landbruk

154 Landbruk er ei viktig næring i Vestland og gjev også grunnlag for mange arbeidsplassar innan
155 næringsmiddelindustrien i fylket. Vestland Arbeidarparti vil ha ein politikk som gjer at
156 produksjon av mjølk, kjøt, frukt og bær kan drivast i eit småskala landbruksfylke som
157 Vestland. Landbruket i fylket må byggast på produksjonar der grovfor og beite inklusiv
158 utmarksbeite er dei viktige innsatsfaktorane.

159

160 Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket, IBU-midlane, er i dag for små til å
161 dekke behovet for investering i landbruket, og det er i tillegg ventetid på klarsignal om
162 støtte. Vestland AP krev difor at investeringsstøtta i landbruket må minst doblast i høve til
163 dagens nivå. Dette er heilt naudsynt om ein skal få fornying av driftsbygningane til lausdrift
164 og ikkje minst få ungdom til å satse på ei framtdsretta utbygging og fornying av
165 driftsbygningane.

166

167 Frukt og bær

168 Frukt- og bærdyrking er viktig for Vestland fylke. Områda som er rekna for å vera Noregs
169 frukthage finn i dette fylket. Frukt og bær må difor vere eit satsingsområde. Vestland
170 Arbeidarparti vil i lys av klimaendringane arbeide for utvida rammer for næringa for å
171 tilpasse seg desse endringane.

172 For at Vestland framleis skal vere Noregs frukthage og produsere frukt av ypparste kvalitet,
173 ynskjer difor Vestland AP forsterka tilskotsordninga.

174

175 Havbruk og sjømatnæringa

176 Vestland Arbeidarparti vil aktivt arbeide for å utvikle havbruksnæringa. Havbruksnæringa
177 har utvikla seg til å bli en svært viktig industri langs kysten. Næringsa er framtdsretta, og er
178 også blitt ein stor eksportindustri.

179

180 Vestland Ap meiner Noreg må ha ambisjonar om å leggje til rette for ytterlegare berekraftig

181 vekst i sjømateksporten. I dag vert 82% av oppdrettsfisken eksportert ubehandla. Vestland
182 Arbeidarparti vil at ein langt større andel skal bearbeidast i Noreg for å skapa fleire lokale
183 arbeidsplassar og større verdiskaping. Sjømatnæringa har gått frå å vere ei rein
184 primærnæring til å bli ei høgteknologisk næring. Vestland Arbeidarparti skal styrke den
185 marine opplæringa på vidaregåande-, fagskule- og høgskulenivå for å sikre rekruttering til
186 næringa. Vi vil også styrke og vidareutvikle Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet.
187 Teknologiske og biologiske innovasjonar må løysa utfordringane knytt til lakselus og
188 rømming, samt utvikle ny teknologi som havbaserte løysingar og landbasert oppdrett, irekna
189 lukka anlegg. Staten bør utlyse ny runde med utviklingskonsesjonar for å stimulera til meir
190 bærekraftig havbruksproduksjon. Norsk sjømat spelar ei viktig rolle i FNs berekraftsmål om
191 bruk av havet på ein bærekraftig måte, og for å auke matproduksjonen i verda.

192
193 Havbruk krev store sjøareal. Havbrukskommunane må få årleg kompensasjon for bruk av
194 fellesskapets sjøareal. Vestland Ap meiner vi må byggje vidare på havbruksfondet og sikre
195 at framtidig vekst gir ei stabil, årleg kompensasjon til dei kommunane og regionane som legg
196 til rette for næringa.

197
198 **Reiseliv**
199 Vestland Arbeidarparti vil legge til rette for ei bærekraftig satsing på reiselivet i nye Vestland
200 fylke. Vestlandet har unike føresetnader for å tilby attraktive reiselivsprodukt. Naturen og
201 fjordane er eineståande og gjev grunnlag for eit rikt tilbod av opplevingar.

202
203 Reiselivsnæringa er ei viktig distriktsnæring som har eit stort potensial for å skape verdiar og
204 arbeidsplassar i heile fylket, samstundes som Bergen vil vere «motoren» for denne satsinga.
205 Vestland Arbeidarparti vil legge til rette for heilårs reiseliv og heilårs arbeidsplassar.
206 Vestland Arbeidarparti vil styrke den administrative og strategiske satsinga på reiseliv og
207 utarbeide ein reiselivsstrategi for Vestland fylke basert på ei bærekraftig utvikling av både
208 reiselivet og reisemåla. Vi vil vidareføre tilskot og satsing på Fjord Norge og regionale
209 destinasjonsselskap.

210
211 For å få til vekst i næringa vil Vestland Arbeidarparti satse på enklare kommunikasjonar inn
212 til Vestland og ein saumlaus infrastruktur for kommunikasjon innanfor eige fylke. Dei tilboda
213 som vert utvikla for tilreisande vil også vere attraktive for innbyggjarane. Dette vil også vere
214 med på å styrke bu kvalitetene på fleire stader i Vestland og då særleg i distrikta.

215
216 **Regionreforma – arbeidsoppgåver, tenester og økonomi**
217 Det nye Vestland fylke har ressursane, kompetansen, engasjementet og viljen som skal til
218 for å skape verdiar og grunnlag for å leve innhaldsrike liv. Fylket vårt skal vere ein trygg og

219 god plass for folk å bu. Det skal vere gode offentlege tenestetilbod i alle delar av fylket,
220 trygge arbeidsplassar og eit velutbygd vegnett med gode kollektivtilbod. Regionreforma er
221 ei demokratireform. Like viktig som å flytte arbeidsplassar ut frå Oslo, er det å legge allereie
222 desentraliserte statlige arbeidsplassar under demokratisk, regional folkevald styring.
223 Arbeidarpartiet meiner at arbeidsplassar knytt til nye oppgåver og utflytting av statlege
224 arbeidsplassane skal bli fordelt til heile fylket. Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at nye
225 oppgåver vert overført frå staten til fylka, saman med auka ressursar som sikrar at fylket kan
226 løyse nye oppgåver på ein god måte.

227
228 Vestland Arbeidarpart meiner det er naudsynt med auka overføringer til Fylkeskommunen
229 og kommunane for å løyse oppgåver og for å unngå sentralisering og privatisering av
230 tenestetilbod innan skulesektoren, helse- og omsorg, tannhelseteneste og vegvedlikehald
231 osv.. Samanslåing av kommunar og regionar skal vere frivillig. Inntektssystemet skal ikkje
232 nyttast til å straffe kommunar som av ulike grunnar ikkje kan slå seg saman med andre.

233
234 Når ein no endrar grensene for kommunar og fylkeskommunar som ein del av denne
235 reforma meiner Vestland Ap at det er fleire gode grunnar til å også sjå andre grenser, som til
236 dømes grensene for politidistrikta.

237
238 **Vestland Arbeidarparti vil arbeide for:**

- at det skal vere gode offentlege tenestetilbod i alle delar av fylket, trygge
arbeidsplassar og eit velutbygd vegnett med gode kollektivtilbod.
- for at nye oppgåver vert overført frå staten til fylka, saman med auka ressursar som
sikrar at fylket kan løyse nye oppgåver på ein god måte.
- Arbeidarpartiet må ta initiativ til og flytta Sunnhordland frå Politidistrikt Sør-Vest, til
Vest politidistrikt.

245
246 **Likestilling og inkludering**

247
248 **I Forsvaret**
249 Etter at allmenn verneplikt vart utvida i 2015 har spørsmålet om likestilling i Forsvaret blitt
250 endå viktigare. Vestland Arbeidarparti meiner det er positivt at kvinner og menn er likestilt
251 når det kjem til forventningar om å delta i Forsvaret, men meiner at Forsvaret framleis har

253 Vi må sikre eit forsvar med gode varslingsrutinar som er fritt for trakkassering, hets, uønskt
254 seksuell merksemrd og mobbing. Forsvaret skal inkludere mangfaldet i eit moderne vestleg
255 demokrati. Det inneberer at menneskjer utanfor det heteronormative også skal føle seg

256 ynskja og verdsett i Forsvaret. Forsvaret treng ein klar kulturendring for å leve opp til dei
257 prinsippa dei er sett til å forsvare.

258 Vestland Arbeidarparti vil at Noreg skal vidareføre ordninga med allmenn verneplikt.
259 Ungdom skal få betre informasjon om førstegongstenesta og vidare moglegheiter i
260 Forsvaret. Forsvaret skal være tilrettelagt for begge kjønn og at det innan 2025 skal være ei
261 betydeleg auke i talet på kvinnelege tilsette, og kvinnelege leiarar i Forsvaret.

262 **I politikken**

263 På tross av at Noreg er eit av verdas mest likestilte land, kan ein framleis sjå ei skeivfordeling
264 når det kjem til kva kjønn som dominerer i folkevalde forsamlingar både lokalt og nasjonalt.
265 Vestland Arbeidarparti ynskjer at kvinner og menn skal ha dei same demokratiske rettane til
266 å stille til val på nasjonalt, lokalt og fylkeskommunalt nivå.

267 Moglegheita til representasjon og innflyting skal ikkje vere avgrensa på grunn av kjønn.
268 Vestland Arbeidarparti meiner det bør vere eit mål at folkevalde organ skal gjenspegle
269 samfunnet, og at det er naudsynt å gjere folkevalde organ meir likestilte og representative.
270 Derfor ynskjer vi at det ikkje skal vere mogleg for politiske parti å stille med lister som ikkje
271 innfrir krav om at maks 60 % representasjon av eit kjønn. Vestland Arbeidarparti vil arbeide
272 mot at det skal vera mogleg å stryke kandidatar på lister ved val.

273

274 **Likeverdige soningsforhold**

275 Blant femtiårte operative fengsel i Noreg er berre fire av dei kvindefengsel. Dei femtifire
276 mannsfengsla er plasserte frå Vadsø i nord til Kristiansand i sør, medan kvindefengsla er i
277 Evje, Kragerø, Oslo og Sarpsborg. Det er med andre ord ei stor geografisk skeivfordeling av
278 soningsplassar for kvinner. Konsekvensen av denne skeivfordelinga er at mange kvinner må
279 sone langt ifrå familie, born og venar.

280 Kvinnelege innsette har ofte mange og samansette problemstillingar som dei best får jobba med i
281 eigne institusjonar. Det er ein fordel med kort veg til spesialisthelseteneste og ikkje minst ein fordel
282 for alle i soning at det ikkje må gjennomgå belastninga ved å sone langt ifrå familie og nettverk.
283 Vestland Arbeidarparti vil jobba for at det blir oppretta eit kvindefengsel sentralt i regionen vår for å
284 sikre eit likeverdig soningsforhold for kvinner.

285 **Infrastruktur**

286

287 **God infrastruktur - Liv og helse først**

288 Det overordna målet i transportpolitikken er å utvikla eit trygt transportsystem som fremjar
289 verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Dette er overordna føringar
290 som skal leggjast til grunn for val av løysingar og prioritering av prosjekt. Vestlandet
291 dominerer på lista over dei mest utsette riks- og fylkesvegstrekningane i landet. 42 av dei 50

292 verste strekningane er i vest. Over halvparten av alle strekningar som er definert med
293 middels eller høg fare i landet, finn ein langs vegane våre.
294
295 Vestland Arbeidarparti er svært uroa over det store vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane
296 i regionen. Når store delar av samferdslebudsjettet må nyttast til vedlikehald fører det til
297 redusert investeringskapasitet samt mindre midlar til trafikksikring. Overføringa av midlar til
298 fylket må avspegle utfordringane i vår region med mange rasutsette veg- og
299 banestrekningar samt mange bruer, tunellar og ferjesamband som medfører store
300 utfordringar med omsyn til trafikktryggleik og beredskap.
301
302 Liv og helse kjem først. For mange er vegen til skule og jobb utrygg grunna rasfare. I snitt var
303 det 2380 skred og 262 vegstengingar per år på norske vegar dei siste ti åra. Folk flest,
304 næringslivet og dagleglivet vert råka. Arbeidarpartiet finn dette uakseptabelt.
305 Nasjonal rassikringsgruppe har konkludert med at løysinga er ein heilskapleg, nasjonal
306 skredsikringsplan gjennomført i løpet av 12 år. Målet er at planen blir ein del av neste
307 Nasjonal transportplan (NTP 2022-2033). For å få dette til trengs det i løpet av 12 år til
308 saman 51 milliardar kroner (4,25 mrd kvart år). Arbeids- og skulevegar skal gjerast rassikre.
309 Vestland Arbeidarparti vil difor at Stortinget følgja opp konklusjonane til nasjonal
310 rassikringsgruppe og løyva 51 mrd. i komande nasjonal transportplan til rassikring (4,25 mrd.
311 per år).
312
313 Ved rullering av Nasjonal Transportplan skal dei innarbeidast eit eige kapittel om
314 fylkesvegane og kva utfordringar ein har på dette vegnettet. Det må utarbeidast ein nasjonal
315 plan og øyremerkast nok økonomiske ressursar til å retta opp det store
316 vedlikehaldsetterslepet ein har på fylkesvegnettet.
317
318 **Fylkesvegferjene**
319 Både næringsliv og innbyggjarar vil mange stadar vere avhengige av ferjer i uoverskodeleg
320 framtid med dei utfordringar det medfører med t.d. nattestenging, innstillingar og høge
321 billettprisar. Vestland Arbeidarparti meiner staten bør vurdere ei endring og
322 omorganisering av ferjeverksemda med sikte på å i større grad likestilla bruk av ferje med
323 bruk av riksveg og fylkesveg. Ei slik vurdering må omfatte ei økonomisk likestilling og
324 innebere ei betring i tilbodet ved å utarbeida standard for opningstider, frekvens, krav til
325 reserveferjer og kostnad for brukar.
326
327 I fleire tilfelle er miljøvenelege ferjer eit godt alternativ til bru og veg både når det gjeld
328 klima og samfunnsøkonomi. Ein bør difor stille krav i anboda om utsleppsfrie ferjer.
329 Ferjeavløysingsordninga må leggjast om slik at den verkar som Stortinget har føresett, og

330 slik at dei aktuelle prosjekta vert fullfinansiert av ordninga. Vestland Arbeidarparti meiner
331 at staten må ta ein større del av finansieringa av fylkesvegferjene.

332

333 **Kollektivtransport**

334 Vi veit gjennom uendeleg mange klimarapportar og våre forpliktingar gjennom Parisavtalen,
335 at vi i Noreg vil måtte nytte personbil i mindre grad. For å sikre at alle har høve til å reise
336 miljøvennlig treng vi det beste kollektivsystemet i verda. I Vestland fylke skal bussar vere
337 ryggraden, med gode og tilgjengelege båtilbod, gode ordningar for innfartsparkering og
338 hyppige avgangar.

339

340 Bussane skal vere miljøvennlige, og i framtida må alle busser som går på fossilt drivstoff bli
341 bytta ut med bussar basert på nullutsleppsteknologi. Å drifta kollektivtrafikk er dyrt. Skal vi
342 sikre eit godt og framtidsretta tilbod må vi bruke pengane på rett måte. Å halde prisene
343 nede er viktig, men minst like viktig er det å sikre eit godt nok tilbod, med nok og hyppige
344 avgangar. Derfor meiner Vestland Arbeidarparti i at vi ikkje skal auke prisane på periodekort
345 utover prisveksten kvart år, og at vi skal prioritere fleire avgangar og utbygging av
346 kollektivnettet dei neste åra. For å sikre større inntekter som igjen kan brukast på å utvikle
347 eit endå betre kollektivtilbod meiner Vestland Arbeidarparti at vi skal bruke inntekter frå
348 bompengeringen til å finansiere drift av kollektivtrafikken. Vestland Ap meiner staten må
349 bidra med 70 prosent statleg finansiering til dei store kollektivprosjekta, som Bybanen i
350 Bergen.

351

352 Regionsreforma aukar behovet for gode kommunikasjonsløysingar med tilfredstillande båt-,
353 buss- og flytilbod. Det er behov for auka rammetilskot for drift av kollektivtransporten i
354 distrikta både ut frå nullvekstmålet og behovet for eit fleksibelt og brukartilpassa tilbod i
355 heile fylket. Det skal vera mogleg for dei fleste innbyggjarane å nytta kollektivtransport, og
356 då er det avgjerande at tilboden er tilpassa passasjerane og at det er god korrespondanse
357 mellom bussar, snøggbåtar, fly og jernbaneavgangar. Me skal ha eit særleg fokus på
358 ungdom, arbeidspendling og tilgang til offentlege tenester. Skuleskyss må sikra at elevar i
359 vidaregåande skule kan nytta nærskulen sin utan å måtte bu på hybel. Vestland Ap skal
360 jobba for at trafikksikring ved skular, barnehagar og oppvekstsenter skal prioriterast.

361

362 Vestland Arbeidarparti vil at snøggbåten skal satsast på som eit viktig bindeledd i det nye
363 fylket. For at det skal vera framtidsretta må båtane over på nullutsleppsteknologi.

364 Snøggbåten skal marknadsførast som eit reiselivsprodukt i heile regionen.

365 Ei aukande befolkning i og rundt Bergen krev eit utvida transportsystem. Bergen kommune
366 har i tråd med klimaavtalen i Paris og statlege føringar vedteke at all vekst i
367 transportbehovet skal takast med kollektiv, sykkel eller gange. Samstundes er mange
368 avhengige av å bruke bilen deler av vegen for at kollektivtransport skal være et reelt

369 alternativ. Det må difor etablerast innfartsparkering slik at det vert mogleg å setje frå seg
370 bilen for å ta buss og bane vidare. Innfartsparkering, kollektivterminaler, bybanestopp og
371 bomstasjonar må i størst mogleg grad sjåast i samanheng.

372

373 Bergen treng eit komplett utbygd bybanenett. Det bør lagast ein heilskapleg plan for
374 etablering av bybane til alle bydelane i Bergen og den må vera førande i byplanlegginga
375 framover. Bybanen må etablerast på eit tidleg tidspunkt i byutviklinga for å unngå auke i
376 personbiltransport og CO₂-utslepp. Bergen bør ha som mål å etablere eit mest mulig bilfritt
377 sentrum samt å fjerne gjennomgangstrafikk på Danmarks plass for å redusere
378 klimagassutslepp og betre helsa til bergenserane. Bilfrie sentrumsområder vil både gi
379 reinare luft og frigjere areal til rekreasjonsområder.

380

381 **Arna-Voss**

382 Ny veg og bane ligg inne i NTP med moglegheit for framskunding til første periode.
383 Hordaland Arbeidarparti meiner det må arbeidast med sikte på oppstart snarast. Parallelt
384 må det gjerast rassikring på strekninga E16 Voss-Arna. Ut frå samfunnsnytten i prosjektet
385 må regjeringa sikra framdrift.

386

387 **Ferjefri E39** vil gje ein samanhengande, trafikksikker veg på Vestlandet og legga eit solid
388 grunnlag for framtidig verdiskaping. Prosjektet frå Stavanger til Bergen må realiserast. E39
389 Vågsbotn-Klaulanest må prioriterast som første byggjetrinn på Ringveg Øst. Det må leggast
390 vekt på samfunnsnytten i prosjekta. E-39 skal ha ei sørleg kryssing ved Langenuen. Utgreiing
391 av indre trase kan vurderast om det vert aktuelt.

392 Vestland AP vil arbeida for ei innkorting av reisetida Kvinnherad - Stord.

393

394 **Aust/vest.**

395 Med bakgrunn i aust/vest-utgreiinga, må det satsast på utvikling av hovudvegar aust/vest.
396 Det må difor satsast på E- 134 i komande NTP. Samt E-16/Rv52 og RV15 Strynefjellet. Det
397 må sikrast regularitet og vintersikker veg i tråd med konklusjonane. Det må utgreiast KVU
398 for arm til Bergen. Ein rett utbygd E134 Karmøy-Drammen gir stor samfunnsøkonomisk
399 nettonytte (12mrd). Dersom E134 i tillegg får ein arm til Bergen, aukar denne nettonytta til
400 26 mrd. Kombinasjonen E-16/Rv 52 med arm til Ålesund og E-134 med arm til Bergen gjer ei
401 heilskapleg samfunnsøkonomisk positiv løysing. Vestland Arbeidarparti støttar dei faglege
402 konklusjonane i aust/vest-utgreiinga.

403

404 **Flaumsikring**

405 Flaumsikring er ei avgjerande prioritering frametter. Midlane NVE rår over løyser berre ein
406 brøkdel av utfordringane. Innsatsen på dette området vert styrka i tråd med ráda frå NVE.
407 Det må lagast klimafond for å ta høgde for auka flaum og rasutfordringar som følgje av

408 varsla klimaendringar. Noreg og ikkje minst Vestland fylke har dei siste åra vore råka av
409 store skadeflaumar. Flaumskadane i samfunn som Lærdal, Voss og Odda er døme på at
410 flaumane verkar å koma sterkare og oftare. Utfordringane er ikkje handtert tilstrekkeleg.
411 Mange samfunn vil få store utfordringar om vi ikkje aukar satsinga monaleg.

412

413 **Kortbanenettet**

414 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for å oppretthalde dagens tilbod og struktur på
415 kortbanenettet i Vestland. Ein av grunnpilarane for samferdsle i den nye regionen er
416 kortbanenettet. Småflyplassane er avgjerande viktige både for befolkning og næringslivet
417 i regionen.

418

419 Næringslivet er i stor grad avhengig av eit funksjonelt rutetilbod for å kunne oppretthalde
420 sitt aktivitetsnivå. For ein stor del av innbyggjarane i Vestland er det lang reiseavstand til
421 regionssenter og hovudstad. Kortbanenettet er dermed eit viktig transportalternativ og
422 kollektivtilbod mellom lokalsamfunn og resten av landet, særleg i denne delen av landet der
423 tog ikkje er eit alternativ.

424

425 **Fiskerihammer**

426 Arbeidarpartiet vil sikre opprusting og utvikling av fiskerihammer, og at dei planlagde
427 investeringane i nye fiskerihammer på Bømlo og i Kalvåg vert gjennomført. Fylket skal legge
428 til rette for samarbeid med kommunane som hamneigarar om drift og vedlikehald av
429 fiskerihammene. Planlagde investeringar i lokale fiskerihammer på Bømlo og i Kalvåg må
430 framskundast og få oppstart så snart råd er. Fylkeskommunane overtek eigarskapet av
431 fiskerihammene frå 1.1.2020 og Vestland Arbeidarparti ber Stortinget syte for at det føl med
432 nok ressursar til å handtere denne oppgåva.

433

434 **Stad skipstunnel**

435 Vestland AP krev byggestart for Stad skipstunnel i tråd med prioriteringane i NTP. Regjeringa
436 har pålagt Kystverket endå ei utgreiing for å få ned kostnadane. No må ein få fortgang i
437 arbeidet slik AP legg opp til i sitt alternative budsjett for 2019 der det er avsett midlar til
438 reell oppstart. Kystverket er no pålagt å vurdere kostnadsreduserande tiltak. Konsekvensen
439 kan bli at bruken av overskotsmasse fell bort og at denne blir sold til utlandet eller dumpa
440 på djupt hav. Dei involverte kommunane (Vågsøy, Selje, Vanylven) har meldt inn område
441 som er klare og regulerte til mottak. Dette vil igjen auke samfunnsnytten til tunnelen, men
442 er ikkje med i berekningane i KS2.

443

444 Internasjonal solidaritet

445 Arbeidarrørsla sin kamp for rettferd er grenselaus. Sosialdemokratiets viktigaste oppgåve er
446 å arbeida for ei verd der alle mennesker kan leve sine frie liv frå undertrykking og
447 fattigdom. Vår styrke er den globale rørsla vi er ein del av som deler våre felles verdiar om
448 fridom, like moglegheiter og solidaritet.

449

450 Palestina

451 Konflikten mellom Israel og Palestina er ei av verdas lengstvarande konfliktar. 25 år etter
452 Oslo-avtalens underteikning har situasjonen forverra seg for palestinarnane. Okkupasjonen,
453 blokaden av Gaza og den folkerettsstridige moren gjennom Vestbredden frarøver
454 palestinarnane fridommen over eigne liv, og gjere etableringa av ein palestinsk stat
455 vanskelegare. Noreg vil som eit kampen for palestinarnanes frigjering anerkjenne Palestina
456 som stat, krevje at muren rivast og at okkupasjonen opphevast.

457

458 Den største trusselen mot ei fredeleg tostatsløysing er bygginga av nye og utvidinga av
459 eksisterande busetjingar. Eksemplene er mange på at busetjarar øydeleggje hus og heim, og
460 brukar vald mot palestinarnane og at situasjonen i all hovudsak blir til det verre for det
461 allereie utsette palestinske folk. Det nyaste av Israels planar om nye busettingar er i eit
462 beduinområde kalla E1-sona. Dersom landsbyane i dette beduinområdet rivast og
463 menneskjene som bur der blir drive på flukt frå sine heimar, vil heile tostatsløysinga vere i
464 spel. Det er difor heilt naudsynt at Noreg krev full stans i bygging og utvidingar av
465 busetnadar og tek opp beduinanes rettar.

466

467 Ein sentral del av Israels okkupasjonspolitikk er å bygge murar på tvers av palestinsk jord
468 som gjere kvardagslivet vanskeleg for palestinarn og er systematisk undertrykking av det
469 palestinske folk. Murane skil familiar frå kvarandre, bønder frå jorda si og palestinarn frå
470 heimane sine. For å passere gjennom muren må palestinarnane reise gjennom checkpoints
471 som kontrollerast av tungt bevepna israelsk militære. Behandlinga dei opplev der er alt frå
472 plutselege endringar i opningstider, til å få eigendelar konfiskert, i tillegg til at ein kjenner til
473 ei lang rekke episodar med brutal behandling og grov valdsbruk retta mot barn såvel som
474 vaksne. Fleire hundre palestinske born sit i dag fengsla for det som i følgje rapportar er
475 urimelege grunnlag, ofte etter arrestasjonar gjennomført på brutalt vis. At Israel skil mellom
476 16 og 18 år som myndigrettsalder mellom henholdsvis israelar og palestinarn, samt
477 henholdsvis 12 og 14 år som deira kriminelle lågalder, er døme på systematisk
478 forskjellsbehandling. Tida er overmoden for at Noreg må ta rapportane om mangefull og
479 urettmessig domstolsbehandling av barns saker i det israelske rettssystemet på alvor og
480 kritisere den internasjonalt. Palestinar og israelar må stå like for lova.

481

482 Humanitære hjelpeorganisasjonar må sikrast tilgang inn i Gaza, og det må leggast press for å
483 sikre pressefridom og journalistar tilgang inn til Gaza. Noreg må ta initiativ for å sikre at
484 internasjonale aktørar legg press for å sikre dette.

485

486 **Vestland Arbeidarparti krev at:**

- 487 • Okkupasjonen av Palestina opphevast
488 • At det gjennomførast full stans i bygging av busetnadar og utviding av
489 eksisterande
490 • Noreg må kritisere Israels brot på grunnleggande menneskerettar,
491 forakt for demokratiske prinsippa samt utstrekkt bruk av valds- og
492 maktovergrep retta mot barn og unge.

493

494 **Fridom for Vest-Sahara no!**

495 Vest-Sahara vert rekna av FN som det siste uløyste kolonispørsmålet i Afrika og ein stor del
496 av territoriet er ulovleg okkupert av nabolandet Marokko. Vest-Sahara sitt folk lev under
497 svært vanskelege kår. FN sin generalsekretær varslar kvart år om eit akutt behov for auka
498 humanitær bistand til flyktningleirane i Algerie, der halve Vest-Sahara sitt folk i dag bur. I dei
499 okkuperte områda vert det begått alvorlege overgrep mot dei som krev sjølvråde i tråd med
500 folkeretten.

501

502 EU-domstolen har fire gonger dei siste tre åra konkludert med at Vest-Sahara ikkje kan
503 inkluderast i avtalar med Marokko, og at sjølvråderetten må respekterast. Næringsliv frå
504 Vestlandet er likevel tung til stades i å plyndra Vest-Sahara sin naturressursar. Dette vert
505 gjort utan omsyn til sjølvråderetten som EU-domstolen krev at vert respektert.

506

507 **Vestland Arbeidarparti ber norske styresmakte om:**

508 * å auka det politiske presset på marokkanske styresmakter, for at dei skal samarbeida om
509 en løysing som er i tråd med saharawienes rett til sjølvråde og sjølvstende.

510 * å auke den humanitære bistanden til flyktningleirane, og særleg vidareføra det viktige
511 arbeidet gjort av norske organisasjonar for ernæring til de mest trengande.

512 * å forlanga at franske styresmakter stansar å blokkera høvet for at FNs fredsbevarande
513 operasjon i Vest-Sahara får rapportera på overgrep dei er vitne til.

514 * å krevja at politiske fangar i marokkanske fengslar vert frigjort.

515 * å tydeleg fraråda norsk næringsliv som operera i strid med det saharawiske folkets rett til
516 samtykke.

517 **Forsvar og sikkerhet**

518 Verdsbilete er i stadig endring. I dei siste åra har vi fått eit meir utfordrande internasjonalt
519 trusselbilete som og gir grunn til uro for Noregs tryggleik. "Cyberkrig" med systematiske
520 dataangrep skjer allereie, "Hybridkrig" føregår i land nær oss, og er eit meir sannsynleg
521 scenario enn full konvensjonell krig. Internasjonale samarbeidsorganisasjonar svekkjast og
522 stormaktspolitikk vinn fram.

523

524 Norsk fred og tryggleik ivaretakast best gjennom eit føreseieleg internasjonalt samarbeid
525 basert på folkeretten. Vårt fundament for ein truverdig sikkerhetspolitikk er vårt
526 medlemskap i NATO. Noreg deltek også i, og støttar, FNs fredsbevarande operasjonar. Vi vil
527 auke norske bidrag til FN-operasjonar. Norsk deltaking i væpna internasjonale operasjonar
528 skal forankrast i FN-mandat eller anerkjent folkerettsleg grunnlag. Sikkerhetspolitisk blir dei
529 nordiske landa veva stadig tettare saman. Vi meiner at det nordiske forsvarssamarbeidet må
530 styrkjas som eit supplement til NATO-samarbeidet.

531

532 Atomvåpen utgjere eit trugsmål mot menneskehets eksistens, men arbeidet for
533 nedrusting og ikkje-spreiing har nærmest stoppa opp. Det endelege målet bør vere ei verd
534 utan kjernevåpen. Den internasjonale ikkjespreiingsavtalen NPT må følgjast opp. Det må
535 leggjast press på atommaktene for at dei skal ruste ned.

536

537 NATO-medlemsskapet forpliktar oss til å ta ansvar for våre eigne områder og vår eigen
538 forsvarsevne slik at vi kan motstå eit angrep fram til våre allierte kan kome til unnsetning.
539 Norsk basepolitikk skal ligge fast. Vi må difor ha eit truverdig forsvar med tilstrekkelege
540 ressursar i alle forsvarsgrinrar som kan handheve suverenitet over våre land- og
541 havområde. Dette fordrar at forsvaret må tilførast større ressursar i tråd med målsettinga
542 om at vi gradvis aukar forsvarsbudsjetta opp mot 2% av BNP. Vi må ha særskild merksemrd
543 på landmakta, som må moderniserast og styrkast betydeleg. I dette biletet er Heimevernet
544 ein viktig del.

545

546 For å sikre vitale objekta langs kysten, som til dømes olje- og gassanlegg, Bergen havn og
547 Haakonsvern, treng vi eit Sjøheimevern som har båtar og folk med lokal kunnskap. Fregatten
548 "Helge Ingstad" sitt forlis har svekkja vår beredskap og evne til suverenitetsheving til havs.
549 Dei naudsynte tiltaka som må til for å oppattrette denne må setjast i verk så snart som
550 mogleg. Finansieringa av dette må ikkje svekkje naudsynt styrking av forsvaret som heilskap.

551

552 Det norske regelverket for eksport av krigsmateriell skil mellom A-, B- og fleirbruksmateriell.
553 A-materiell er våpen, ammunisjon og visse typar militært materiell. B-materiell er øvrig
554 militært materiell.

555

556 **Vestland Arbeidarparti vil at:**

- 557 • Noreg skal forby sal av krigsmateriell (A og B) til autoritære ikkje-demokratiske
558 regime som begår krigsforbrytingar eller menneskerettsbrot
559 • Noreg skal framleis bidra aktivt i FN-operasjonar
560 • Alle styrkebidrag og operasjonar i utlandet skal vere i tråd med internasjonal lov
561 • Noregs bidrag til NATO skal i størst mogleg grad skje i vårt eige interesseområde
562 • Noreg må aktivt jobbe og stemme for atomnedrusting og at Noreg skal underteikne
563 og ratifisere FN-traktaten som forbyr atomvåpen.

564

565 **Ein human og rettferdig flyktning og integreringspolitikk**

566 Når Arbeidarpartiet nasjonalt skal utforme ny politikk på migrasjonsområdet er det viktig at
567 denne politikken har ei klar forankring i vårt sosialdemokratiske verdigrunnlag, og at den er
568 basert på solidaritet med ei som flyktar. Vår flyktningpolitikk må vere rettferdig og human.
569 Den må forene stabile og langsiktige reglar med ei vellukka integrering, og den må basere
570 seg på eit internasjonalt samarbeid og regelverk.

571

572 Barn på flukt er ei spesielt sårbar gruppe, både om dei er på flukt saman med familie, men
573 ikkje minst om dei er på flukt aleine. I saker som omhandlar barn skal hensynet til barnets
574 beste vege tungt. Arbeidarpartiet vil føre ein human asylpolitikk som teke imot dei som
575 treng beskyttelse mest. Arbeidarpartiet vil ta imot dei som kan integrerast i det norske
576 samfunnet, men og ressurssvake. Noreg skal ta imot flyktningar som er handikappa og legge
577 til rette for at og dei blir godt integrert i samfunnet.

578

579 FNs Høgkommissær for flyktningar ber flest mogleg land ta imot fleire kvoteflyktningar.
580 Antall overføringsflyktningar som er klar for å bli busett har dei siste åra auka dramatisk.
581 Dette er flyktningar som har stort behov for å kome til land som kan gi dei tryggleik og varig
582 opphold.

583

584 **Vestland Arbeidarparti krev:**

- 585 • At Noreg ikkje legg til rette for brot på menneskerettar og flyktnings konvensjonen
586 gjennom avtalar med tredjeland for å hindre at asylsökjarar kjem til Noreg
587 • At alle vaksne og barn med beskyttelses behov får same rettar i Noreg og at vi difor
588 beheld dagens regelverk for subsidiær beskyttelse
589 • At Noreg ikkje inngår, eller støttar, returavtalar med land som har grove brot på
590 menneskerettane
591 • At UNCHRs anbefalingar om kva flyktningar landa skal ta imot blir fulgt, og at
592 mottakarland ikkje kan sette krav til utdanning, arbeidserfaring og liknande
593 • At solidaritetspotten skal kome i tillegg til bistandsbudsjettet, ikkje innanfor same
594 økonomiske råme

- 595 • At einslege mindreårige asylsøkjarar ikkje gis midlertidig opphold
596 • At mindreårige asylbarn sine søknadar prioriterast, og skal vurderast innan 3
597 månadar
598 • At Noreg forpliktar seg til å ta imot det antall kvoteflyktningar FNs høgkommissær
599 for flyktningar ber om

600

601 **Byutvikling og bustadbygging**

602

603 Noreg har sett seg som mål at utsleppa av klimagassar i 2030 skal vera redusert med minst
604 40 prosent frå 1990-nivå. For å nå desse måla er det avgjerande at dei store byane går i
605 front. Dette legg premiss for korleis ein utviklar byar, tettstadar og bygder framover.
606 Samstundes må byutviklinga og bustadbygginga sikra sosial berekraft og gjera det mogleg å
607 leva gode liv i byar. Bergen kommune, og andre offentlege institusjonar som stat,
608 fylkeskommune og offentlige føretak, er viktige grunneigarar i dei fleste av dei nye
609 byutviklingsområda, og må opptre som langsiktige aktørar.

610 Arbeidarpartiet er garantisten for at Bergen tek sin del av ansvaret på ein måte som ivaretek
611 både klimaet og innbyggjarane sin livskvalitet. Hovudoppgåvene vert å sikra infrastruktur
612 som er naudsynt for vekst i byene, reduksjon av klimagassutsleppa frå pendling,
613 vidareutvikla den bergenske byforma og å tryggja bustadsosiale omsyn i Bergen.

614

615 **Ein trivelag, attkjenneleg og inkluderande by**

616 I og nær Bergen sentrum er fleire områder opna opp for byutvikling dei komande åra. I tråd
617 med bærekraftig bypolitikk skal arealkrevjande industri erstattast med bustadar og
618 arbeidsplassintensiv næring, handels- og servicefunksjonar og offentlege kulturinstitusjonar,
619 skoler og barnehagar. Dei nye sentrumsområda gjev eit stort potensial for byutvikling som
620 vil skapa betre balanse mellom bustadar og arbeidsplassar i sentrale deler av Bergen og
621 redusera behovet for pendling. For at dette skal bli gode stadar å vera for alle, må
622 kommunen syte for variasjon i type bustadar, og eigarstruktur som legg til rette for ein
623 samansetnad av bergensarar frå ulike samfunnslag.

624 Bergensk byskikk er et samleomgrep for ulike gode prinsipp som fortsatt bør prege
625 byutviklinga framover. Det betyr ein tett by der naturlandskap, kulturhistorie og vår
626 eksisterande busetnad gjev grunnlag for ein finmaska byromstruktur med kvalitet og
627 identitet. Dei nye byområda bør i stor grad utviklas med bruk av trematerial, stor
628 fasadevariasjon og begrensa fasadelengde, med en allmenningsstruktur og med stigande
629 byggehøgder mot høgdedraga i byen. Kafronten i Bergen skal vera open for allmennheita,
630 og byggehøgdene mot vannflater skal ikkje vera høgare enn bygningane bak, slik at utsikta
631 vert ivareteken.

632

633 **Ein bustadpolitikk for alle**

634 Ein trygg stad å bu er definert som eit basisbehov gjennom FNs konvensjon om økonomiske,
635 sosiale og kulturelle rettar. Likevel er stegen i bustadmarknaden trekt opp for lengst.
636 Særskilt krevjande er det for ungdom, kvinner i utsette yrker, i ufrivillige deltidsstillingar og
637 personar med fleirkulturell bakgrunn. Vestland Ap meiner det er naudsynt å reetablere den
638 sosiale bustadbygginga blant anna gjennom å styrkja Husbanken og gjennom å utvide
639 ordninga med startlån. I tillegg meiner Vestland Ap at ein bør auke takta på bustadbygginga
640 for å sikre at bustadslause og andre får høve til å kome inn på bustadmarknaden

641

642 **Vestland Arbeidarparti meiner at:**

- 643 • Bergen kommune skal vera ein aktiv premissgjevar for byutviklinga i Bergen.
- 644 • Offentleg byplanlegging i Bergen må gjevast høgare prioritet.
- 645 • Det må utviklast ein meir samanhengande bustadpolitikk for Bergensområdet der
646 transformasjonen av dei nye sentrumsområda skjer i samspel med det pågående
647 arbeidet med eit boligbyggeprogram for byregionen.
- 648 • Sentrale transformasjonsområder (som til dømes Dokken og Indre Laksevåg må
649 leggjast til rette for barnefamiliar og folk flest, med verkemiddel for sosial
650 boligpolitikk.
- 651 • Bergen kommune skal ha fokus på fortetting med kvalitet og vidareutvikling av
652 bergensk byskikk.
- 653 • Kommunen må utvikle gode samarbeidsprosesser med eigedomsutviklarar og nytte
654 nye verktøy og samarbeidsformer, irekna offentlege utviklingsselskap spesifikt for
655 transformasjonsområda.
- 656 • Det er naudsynt å reetablere den sosiale bustadbygginga blant anna gjennom å
657 styrkja Husbanken og gjennom å utvide ordninga med startlån.
- 658 • At takten på bustadbygginga bør aukast slik at fleire kan eige bustad.
- 659 • Kommunar bør ta i bruk leige-til-eige-modellen som del av den sosiale
660 bustadpolitikken.

661

662 **Barnehagar**

663

664 Arbeidarpartiet er garantisten for ein sterk velferdsstat med gode og universelle tenestar.
665 Skular og barnehagar er nokre av dei viktigaste institusjonane i landet vårt, og vert finansiert
666 over skattesetelen. Då vert det særskilt viktig å forvalta desse ressursane på ein truverdig og
667 tillitvekkande måte.

668 Gjennom barnehageløftet fekk alle norske born høve til å gå i barnehage. Det er ein
669 prestasjon me skal vera stolte av. Denne opptrappinga hadde ikkje vore mogleg utan private

670 aktørar. Samstundes er det eit problem at barnehagesektoren etter kvart har fått eit stort
671 innslag av aktørar med profittmotiv. Barnehagen skal vera ein trygg stad som gjev rom for
672 leik, venskap og læring. Difor er det viktig at det er nok vaksne til sjå og følgja opp alle born,
673 og at desse har relevant utdanning. Slik skapar me god kvalitet i barnehagane.

674 For å sikra at fellesskapet pengar skal koma barna til gode meiner vi at nasjonale
675 styresmakter burde innføra reglar som hindrar private, kommersielle barnehagar å ta ut
676 profitt. Kommunane burde også gjevest anledning til å stilla krav om kvalitet og bemanning i
677 private barnehagar. Me ynskjer eit mangfold av barnehagar.

678 For å sikra gode barnehagar er det viktig at kommunane har tilstrekkeleg anledning til å
679 stilla krav til barnehagane – også dei private. Vidare må inntaksregimet når det gjeld
680 barnehageplasser endrast for å sikra at born får rett til barnehageplass seinast ein månad
681 etter søknad.

682 **Vestland Arbeidarparti meiner:**

- 683 • at alle born skal få barnehageplass i nærmiljøet.
- 684 • at tilbodet i skule- og barnehagesektoren i hovudsak er ei offentleg oppgåve.
- 685 • at ein må sikra god bemanning i barnehagane si opningstid.
- 686 • at dei nasjonale normene må fullfinansierast.
- 687 • at kommunen må få anledning til å stilla fleire krav til private barnehagar.
- 688 • at tilsyna må styrkast for å syte for god sikkerheit og godt inneklima.
- 689 • at kommunar bør få forkjøpsrett på barnehagar som skal leggast ned eller seljast.
- 690 • at i dei tilfellene der private barnehagar står i fare for å leggast ned eller skal seljast,
691 bør kommunane vurdera å kjøpa barnehagen.

692

693 **Arbeidsliv**

694

695 **Eit trygt og organisert arbeidsliv for alle**

696 Vi trur på vekstpotensiale i Vestland med enda fleire arbeidsplassar i både by og distrikt.
697 Fellesskapet blir sterkare når folk får delta i eit trygt og anstendig arbeidsliv, og det gjere
698 noko med følelse av å høyre til ein plass når vi kan yte det vi er gode for.

699 Den norske arbeidslivsmodellen er ein suksess som har bidrige til sterk verdiskaping og ein
700 omstillingssyktig arbeidsmarknad i Noreg. No er modellen satt under press, og det er det
701 organiserte arbeidslivet som angripast. Med ei kraftig auke av forskjellige typar
702 midlertidigkeit i arbeidslivet gir den enkelte arbeidstakar lite føreseielege rammer for både
703 arbeid og inntekt, og eit liv som settast på vent. Dette skapar også vanskelege forhold for at
704 fagforeiningar skal kunne organisere og krevje tariffavtale.

705 Vi har eit ansvar for å støtte dei tilsette i kampen for tariffavtalar. Dette kan vi blant anna
706 gjere med å innarbeide krav som sikrar oppfølginga av dei nye reglane i arbeidsmiljølova om
707 innleige og tilsettingar og arbeidstid (AML §14.9, §14.6 og §14.12). Så vil vi løfte dei
708 tillitsvalde i kommunen og ta dei og deira organisasjonar med på råd i saker som omhandlar
709 deira arbeidskvardag. Vidare krev vi og skattefrådraget for foreningskontingent blir doblast.

710 Til tross for at Regjeringa fekk ein tydeleg marsjordre frå Stortinget med å trappe opp tiltaka
711 mot arbeidslivskriminalitet og sosial dumping har høgerekspresia vore urovekkande passive og
712 bortforklarande framfor å stille opp med tiltak. Vi ser ei utvikling der Politiet og
713 Arbeidstilsynet får for lite ressursar og spelrom til å følgje opp, og der dei juridiske grepene
714 heller opnar opp for framfor å motverke dei ulike gradene av arbeidslivskriminalitet.

715 Vi registrera betydelege utfordringar i alt frå byggeplassar og transport til uteliv og
716 omsorgssyrke. Mykje av dette som følgje av innleige, midlertidige kontraktar og urimelege
717 arbeidsvilkår. Difor ser Vestland AP det som heilt naudsynt med betydeleg tøffare grep.
718 Useriøse aktørar skal ut. Arbeidsmiljølova skal styrkast og fagforeiningas kollektive
719 søksmålsrett skal gjenninnførast. I utelivsbransjen vil det og kunne vere aktuelt å inndra
720 skjenkjebevillinga ved brot på den allmenngjorde tariffloana.

721 Fleire unge i arbeid

722 Det kan vere både sårt og vanskeleg for å alle å stå utan ein jobb å gå til. Ikkje minst viser
723 erfaringane at ungdom er ei spesielt sårbar gruppe om dei hamnar på utsida av arbeidslivet.
724 For mange blir dette eit vakuum mellom skulen og arbeid som blir vanskeleg å handtere på
725 nokon god måte; og dverre har talet på unge uføre blitt dobla i dei siste ti åra. Difor er det
726 viktig at innsatsen blir styrka i samarbeid mellom kommunen, NAV og lokalt næringsliv for å
727 skape fleire moglegheiter for desse ungdommane.

728 I mange tilfelle kan dette vere unge som har slitt i skulen, men som likevel er dyktige
729 arbeidstakarar når dei berre blir gitt ein sjanse til å vise kva dei kan. Arbeidarpartiet vil difor
730 gjennomføre en heilskapleg aktivitetsreform der også personar med gradert uførretrygd skal
731 få brukt sin arbeidskapasitet. Her er det og viktig at NAV sikrar seriøse kontraktar mellom
732 næringslivet og ungdommane som skal tilbake mot arbeidslivet.

733 Innleige

734 Vi opplever ei urovekkjande utviklinga i bemanningsbransjen som trugar det organiserte
735 arbeidslivet i Noreg. I dag møter fleire bransjar betydelege utfordringar som følgje av
736 useriøse aktørar. Saman med bygg og anlegg står helse og omsorg som nokre av dei mest
737 utsette bransjane. Eit døme på dette er Orange Helse som har fått kraftig kritikk for å gi ei
738 manglande opplæring, halde tilbake lønn, og utnytte opp til fleire av dei tilsette.

739 Det har vore avdekka sosial dumping, urimelege arbeidskontraktar, pålagde høge kostnader
740 til norskkurs og skatteflukt hjå useriøse aktørar. Ei slik utvikling kan ikkje Arbeidarpartiet

741 akseptere. Det er ikkje minst viktig for Arbeidarpartiet å sikre ei god rekruttering av
742 lærlingar. Dette blir ikkje ivaretaken på ein god nok måte av bemanningsbransjen.

743 Det er heilt naudsynt med ei sterkare regulering av dette området for å hindre at det blir
744 enda meir arbeidskriminalitet, og for å hindre at lønns og arbeidsvilkår i det Norske
745 arbeidslivet vert svekka. Vi meiner det er uakzeptabelt at profitt og innsparingar skal setjast
746 framfor seriøsiteten til bransjane, og tryggleiken til vanlege arbeidsfolk. Difor vil vi avgrense
747 bruken av vikarbyrå og innleige av arbeidskraft i privat og offentleg sektor. I yste konsekvens
748 må ein vurdere å innføre eit forbod mot private bemanningsbyrå i utsette bransjar.

Anstendige anbod og seriøse arbeidsvilkår

750 Anbod og innkjøp frå kommunen og fylkeskommunen skal utformast slik at det ikkje er
751 opning for bedrifter som bryt med grunnleggjande prinsipp om eit trygt og rettferdig
752 arbeidsliv. I kommunens anbodsroundar skal det difor settast krav om at bedriftene operera
753 med løns- og arbeidsvilkår som er i tråd med den gjeldande landsdekkande tariffavtalen
754 og/eller allmenngjering. For å sikre seriøsiteten i anbodsroundane må og dette
755 dokumenterast. Dokumentasjonen kan til dømes leggjast fram i form av tariffavtaler eller
756 lønsslippar og arbeidskontraktar.

757 På offentlege anbod må fleire kriteria enn pris bli vektlagt slik at eit forsvarleg arbeidsmiljø
758 blir ivareteken. Som eit minimum skal Difi's standaristerte kontraktskrav for lønns- og
759 arbeidsvilkår nyttas som utgangspunkt i alle avtalar og gjennom heile kontraktskjeda. Det
760 skal utarbeidast tydelege rutinar for å følgje opp eigne kontraktsbetingelser sånn at desse
761 blir følgt og etterlevd av både leverandørar og deira underleverandørar. Her skal det og vere
762 klare sanksjonsmoglegheiter ved kontraktsbrot. Lovleg streik for å oppnå landsomfattande
763 tariffavtalar blir også ansett som eit slikt brot.

Rettferdige vilkår for arbeidsfolk

765 Om lag ein halv million av landets arbeidstakrar må pendle for å kome seg på jobb. Mange
766 av desse arbeidstakrar har no fått nok ein skattesmell frå Frps finansminister Siv Jensen i
767 årets statsbudsjett der dei innførar skatt på delar av kilometergodtgjerelsen og på statens
768 satsar for diettgodtgjerdelse. Dette er skatte- og avgiftsaukar som råkar vanlege arbeidsfolk,
769 medan dei aller rikaste har fått skattekutt i millionklassen under dagens regjering.

770 Eigenandelen før du får reisefrådrag er og auka frå 10 000 kr til 22 700 kr, samstundes som
771 frådraget er redusert med 6%. Dersom ein legg dette saman med skatteskjerpelsane på diett
772 og kilometergodtgjerdelse, kan dette utgjere betydelege summar for mange som må reise i
773 jobben sin. Difor meiner arbeidarpartiet at arbeidstakrarane som allereie har ei stor
774 belastning i de at dei må reise langt, og gjerne ikkje kan bu heime i sin eigen heim når dei er
775 på jobb, ikkje skal straffast med usosiale skattar og avgifter. Økonomisk tryggleik og

776 føreseielege rammer er og avgjerande for småbarnsfamiliar. Difor vil vi sikre at
777 fedre/medfedre opparbeider sjølvstendig rett til foreldrepenger.

778 **Yrkesskadeerstatning**

779 Forskjellane i helsetilbodet for kvinner og menn medfører ulik behandling for same
780 sjukdomsforhald. Kvinnerelaterte lidingar har lågare status, og forsking, diagnostisering,
781 medisinering og behandling tek i stor grad utgangspunkt i menns sjukdomsbilete. Såkalla
782 "ubestemte helseplager" og muskel- og skjelettlidingar definerast ikkje som yrkesskade-
783 /sjukdom og utløyser ikkje rett til yrkesskadeerstatning. Arbeidarpartiet meiner
784 jobbrelaterte skader og sjukdommar må sidestillast med andre typar yrkesskadar.

785 **Permisjonsrettar**

- 786 • Arbeide for å auke lengda på foreldrepermisjonen og ei likare deling av
787 foreldrepermisjonen, samt kvinnens rettar ved svangerskap og fødsel.
- 788 • Arbeide for at fedre/medfedre opparbeider sjølvstendig rett til foreldrepenger.

789 **Klima, energi og miljø**

790 *Forslaget til vedtak: Forslaget vedtas*

791 *Forslaget erstattar 4, 16, 24, 34, 40, 49, 50, 76, 94, 119, 134 og 155*

792

793 Nye Vestland fylke vil stå for ein fjerdedel av norsk kraftproduksjon i framtida. 80% av
794 dagens globale energiforbruk vert dekka av fossile energikjelder som kol, olje og gass. Dette
795 må gradvis erstattast av fornybare energikjelder dersom vi skal nå våre mål om å hindra
796 global temperaturauke på over 1,5 gradar. Global energiomlegging vil ta tid, men Vestland
797 Arbeidarparti må ha ein politikk som påskundar utviklinga og redusera etterspurnaden etter
798 fossil energi. Dette byr på enorme moglegheter for det nye fylket, men også landet vårt.
799 Energirelatert verksemd i vårt fylke og vårt land er prega av teknologi, innovasjon og
800 kompetanse. Dette er det viktig å ivareta, slik at dagens energinæring vert ein del av
801 løysinga når morgondagens nullutsleppsløysingar skal skapast.

802

803 **Vasskraft**

804 Regulerbar vasskraft er ryggraden i vårt fornybare energisystem. Den har lagt grunnlaget for
805 industri og busetnad, og den har lagt grunnlag for at vi har ein fornybarandel på 70% - den
806 høgste noko industrialisert land kan syne til. Likevel vert denne typen energiproduksjon
807 beskatta hardare enn olje- og gassproduksjon. Grunnrentebeskattninga er no eit hindre for
808 lønsamme investeringar i utbygging, opprusting og vedlikehald av kraftanlegg. Dette er eit
809 paradoks i ei tid der vi treng meir fornybar energi, og ynskjer at den skal produserast med
810 ein mest mogen miljøvenleg teknologi. Vestland Arbeidarparti meiner at dei kommunar
811 som har gjeve areal og naturverdiar til kraftproduksjon skal ha kompensasjon for dette slik

812 dagens ordningar gjev. Endringar i skattesystemet må difor handla om grunnrenteskatten,
813 som i dag i sin heilskap går til staten. Vasskraftutbygging har hatt store positivt verknadar
814 for landet, men regulering av vassdrag har også gjeve belastning på natur og miljø.

815

816 **Vindkraft**

817 Vestland Arbeidarparti meiner at utbygging av vindkraft i hovudsak skal skje til havs.
818 Vindraft til havs er mindre kontroversielt med tanke på naturinngrep. Vidare har Vestland
819 fylke, og Noreg, ein verdleiande offshore leverandørindustri som kan spele ei viktig rolle i
820 arbeidet med å utvikla eit nytt industrieventyr. Vestland Arbeidarparti registrerer at det vert
821 arbeida med ei nasjonale råme for vindkraft i Norge, der målet er å definera områder der
822 det kan verta aktuelt å leggja til rette for bygging av landbasert vindkraft. Vestland
823 Arbeidarparti registrerer at nasjonale styresmakter i mange tilfelle gjev konsesjon på tross
824 av motstand frå råka kommunar. Vestland Arbeidarparti meiner difor at kriteria for å tillate
825 vindkraftutbygging må inkludera aksept frå råka kommunar i tillegg til natur- og miljøfaglege
826 vurderingar, tilgang til eksisterande nett og andre forhold.

827

828 Med tydelege kriterier på plass vil det vera lite rom for storstilte utbyggingsplanar av
829 landsbasert vindkraft. I den grad det likevel vert bygd ut vindkraft med lokal aksept må det
830 sikrast at det bidreg til lokal verdiskaping, og også gjeva inntekter til lokalsamfunna i form av
831 naturressursskatt på eit nivå som tilsvara vasskraftkommunane si samla økonomiske
832 kompensasjon for avståing av natur- og miljøverdiar. Vestland Arbeidarparti er skeptisk til
833 utbygging av vindkraft i natur- og friluftsområder med urørt og sårbar natur, men det er
834 ynskjeleg å avvente godkjenning av nye vindmølleparkar fram til det er utarbeida ein
835 nasjonal plan for vind- og vasskraft.

836

837 **Stølsheimen**

838 Vestland Arbeidarparti syner til at det føreligg planar om storstilt utbygging av vindkraft i
839 Stølsheimen, irekna Stølsheimen landskapsvernområde. Ei slik utbygging vil vera eit sterkt
840 øydeleggande naturinngrep og området vil mista sin verdi som rekreasjons- og turområde.
841 Vestland Arbeidarparti stiller seg difor på linje med miljøvernorganisasjonar, turlag og lokal
842 velforeining når vi seier eit klart nei til vindmøller i Stølsheimen, irekna Stølsheimen
843 landskapsvernområde.

844

845 **Olje og Gass**

846 Strenge utsleppskrav i norsk petroleumsverksemde har ført til at Norge har låge utslepp ved
847 produksjon, men også til at vi er verdsleiande på utvikling av teknologi og løysingar som
848 trengs for å redusera utslepp frå produksjon av olje og gass. For å bidra til at når våre
849 globale klimamål må utsleppa frå norsk olje- og gassproduksjon reduserast med minst 2,5
850 millionar tonn årleg innan 2030 og vidare kutt fram mot 2050.

851

852 Vår region har ein viktig rolle i arbeidet med å utvikla teknologi for karbonfangst og lagring.
853 Slik teknologi vil vera heilt naudsynt for å få naudsynte utsleppsreduksjonar frå bruk av fossil
854 energi. Verdas største testcenter på Mongstad og eit framtidig mellomlagringsanlegg for
855 CO2 på Kollsnes vil sette vår region i front i utvikling av denne teknologien. Det er viktig at
856 me klarar å utnytta dette til å skapa bærekraftige industriarbeidsplassar for framtida.

857

858 **Vestland Arbeidarparti er :**

- Vestland Arbeidarparti meiner at utbygging av vindkraft i hovudsak skal skje til havs.
- Er skeptisk til utbygging av vindkraft i natur- og friluftsområder med urørt og sårbar natur. Det er ynskjeleg å avvente godkjenning av nye vindmølleparkar inntil det er utarbeida ein nasjonal plan for vind- og vasskraft.
- Ynskjer å arbeida for snarast mogleg realisering av fullskala CO2 fangst og lagring.

864

865 **Fjorddeponi og gruvedrift**

866 Vestland Arbeidarparti er positive til gruvedrift. Mineral trengs til næring og med dei
867 førekommstane som Noreg har så kan vi bidra til verdas etterspurnad etter mineral. Det er
868 viktig at ein har eit klart berekraftsmål i gruvedrift. Både internasjonalt, men ikkje minst
869 nasjonalt og lokalt.

870

871 Dagens løysingar for handtering av restmassar frå mineralutvinning er ikkje akseptabel.
872 Verken sjø eller landdeponi er gode løysingar. Miljødepartementet uttalte sjølv i ein rapport
873 25/1/19 at det vert som å velje mellom pest eller kolera. Direktoratet peikar på høgare
874 utnytting av massane som den beste løysinga. I Førdefjorden er det gjeve utsleppsløyve til
875 gruvedrift i Engebøfjellet. Havforskingsinstituttet, Fiskeridirektoratet med fleire har peika på
876 at det ikkje er ein bærekraftig løysing.

877

878 Ein vil øydelegge alt liv under heile driftstida, og det er usikkert om økosystemet i fjorden vil
879 ta varig skade av eit så massivt inngrep. Det er fleire selskap som ynskjer å utvinne mineraler
880 i Engebøfjellet. Vi skal ikkje peike på einskilde bedrifter, men eit av selskapa seier at
881 fjorddeponering er den einaste løysinga medan det andre seier at utvinninga er fullt mogleg
882 utan fjorddeponi. Miljødirektoratet var negativ til prosjektet, men når samfunnsnytte vart
883 ein del av kriteria valde direktoratet å seie ja under sterke føresetnadar. I seinare tid har
884 både tal årsværk og driftstid blitt kraftig redusert. Noko som var ein del av kriteria for at
885 samfunnsnytta skulle vege tyngre enn miljø.

886

887 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- Ha full utnytting av ressursane i alle gruveprosjekt i regionen. Slik at ein unngår
889 deponering av avgangsmassar i fjord/sjø.

- 890 • At det greias ut kva moglegheiter som fins for massar frå gruvedrift som i
891 større grad kan utnyttast til andre føremål.
892 • Innføre avgift på uttak av masser og avfallsmasser i gruveprosjekt.
893 • Framtidige søknadar om å deponera gruveavfall i sjø vert ikkje innvilga.
894 • Det innvilga utsleppsløyvet for deponering av gruveavfall i Førdefjorden må
895 vurderast på ny.
896